

## Referat møte Cittaslowrådet 8.02.2022 kl 19.00 – 21.00

Heradsstyresalen på Haugesenteret

### Desse møtte:

Frå Ulvik herad: Thore Hopperstad og Mona H Hellesnes

Frå landbruk: Stein Olav Kolås

Frå kultur: Haugesenteret - Geir Netland (rådsleiar)

Frå oppvekst: Ulvik barnehage – Sonja Haugland

Frå politikk: Ingrid Prestegard og Harald Johnsen (vara for Hanne Li)

Frå Undervisning: Ingen møtte

Frå næringsliv: Ulvik næringslag – Anders Kristoffer Oppheim

Frå Slow food Hardanger: Jorid Lekve Eide

Frå frivillige lag og organisasjonar: Ulvik idrettsråd – Hulda R. Thorbjørnsen og Ulvik bygdekvinnelag – Solgunn Wiik Bjørke

Frå Ulvik ungdomsråd: Johanna Hjeltnes

### Saksliste

#### 1. Handlingsplan 2021 - 2022

Leiar gjekk igjennom handlingsplanen, som vart vedtatt i januar 2021. Arbeidet med ny handlingsplan startar hausten 2022.

Det er produsert 10 skilt om Cittaslow-bygda Ulvik som skal plasserast ut i bygda til våren. Det vil bidra til synleggjering av Ulvik som ein del av nettverket.

#### 2. Aktivitetsplan 2022

Gjennomgang av aktivitetsplanen, med supplering av arrangement som ikkje har komme inn. Oppdatert plan vert sendt ut til rådet saman med møttereferat.

#### 3. Sertifisering av verksemder:

Rådsleiar har, saman med næringslaget, har i haust hatt kontakt med ein del verksemder for å få fleire Cittaslow-sertifisert.

På heradet sine nettsider er det no eit forenkla og oppdatert søknadsskjema som gjer det enklare å søke om sertifisering.

Det har komme inn fem søknader, der den eine manglar ein del informasjon. Leiar og sekretær la fram oppsummering pr bedrift saman med innstilling.

Innspel i møtet:

Rådmannen vil ta initiativ til at einingane i heradet blir sertifisert, og vil følge opp med einingsleiarane.

Vi treng eit system for resertifisering for Cittaslow.

Tidlegare har bedriftene fått sertifikat som ein del av programmet på Oktobertorget. Det vil vi halde fram med, men for desse som no er sertifisert bør vi ha eit eige opplegg i nær framtid.

På Oktobertorget kan vi nemne alle som tidlegare er sertifiserte, saman med nye.

Vedtak:

- *Alle fem som har søkt om sertifisering blir godkjende. Den eine bedrifta som manglar informasjon, blir godkjend med atterhald om at tilfredsstillande dokumentasjon blir sendt inn.*

- *Leiar og sekretær får fullmakt til å lage eit arrangement med utdeling av sertifikat. Oktobertorget skal framleis vere hovudarena for utdeling av sertifikat, men kan avvikast når det vil gå for lang tid frå søknaden er sendt inn.*
- *Leiar og sekretær utarbeidar forslag om resertifisering, som vert lagt fram for rådet i eit seinare møte.*

#### **4. Planlagd film om Cittaslowbygda Ulvik**

Det er bestilt fleire korte filmklipp som skal formidla kva Cittaslowbygda Ulvik er i praksis. Desse er primært for egne innbyggjarar, og er tilpassa sosiale media. Filmane blir klare til våren.

#### **5. Informasjon om Cittaslow Norden og Cittaslow International**

Det er årsmøte i det nordiske Cittaslow-nettverket 18. – 20. mai i Svendborg, Danmark. Det er årsmøte i Cittaslow International i Orvieto i Italia 11. juni.

Ulvik skal vere representert på begge desse. Rådet må gje innspel til ordførar om kven som bør reise.

Innspel i møtet:

Erfaringar frå tidlegare er at det nordiske møtet har mest verdi for erfaringsutveksling og gode innspel til vårt arbeid.

Årsmøtet i Cittaslow International er meir formelt og byråkratisk, med mykje møteprotokoll og informasjon på overordna nivå.

*Vedtak:*

*Cittaslow-rådet ønskjer at Ulvik herad skal søke om å vere vertskommune for nordisk nettverkssamling i 2023. Administrasjonen fremjar sak til politisk handsaming.*

*Det vert sett ned ein komité for søknaden og for eventuell samling i Ulvik i 2023. Medlemmane bør reise på samlinga i Svendborg 18. mai.*

*Til Cittaslow International bør det vere representant frå ordførar og sekretær.*

#### **6. Reiselivsstrategi for Ulvik**

Reiselivssjefen informerte. I tråd med tiltak 14 i strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik, er arbeidet med ei strategiplan for reiselivet starta opp. Mimir AS fekk oppdraget med prosjektleiing etter ein anbudsrunde i haust. Dei har brei erfaring med tilsvarande arbeid, mellom anna den nasjonale strategien.

Det er lagt opp til innspelsmøte med lokale verksemder, og med politisk leiing (alle gruppeleiarane). Det vil og bli eit ope møte før planen vert lagt fram for politisk handsaming i juni.

#### **7. Nytt frå heradet**

Rådmannen orienterte om desse sakene:

- Omsorgstunet sitt byggerekneskap er ferdig, sum 103,3 mill. mindreforbruk på 6 mill. Dette er eit særstøtt resultat på eit so stort prosjekt.
- Skeietomta er ferdig forhandla, gjort avtale om kjøp. Mål om overtaking i juni. Heradet ønskjer leilegheiter, gjerne i kombinasjon med anna aktivitet. Eit samarbeid med eigedomsutviklar vil vere naudsynt for ei god løysing. Heradet skal ikkje sjølv stå for utbygging.
- Formalitetetar knytt til sal av den gamle sjukeheimen er omsider plass. No blir salet formelt blir ordna, og kjøparar kan utvikle eigedomane som planlagd
- Heradet har fått 5,2 mill. i koronakompensasjon, der mesteparten skal dekke meirkostnadane i samband med utbrotet vinteren 2021.
- Auke i straumprisen gjev heradet ekstraintekter på konsesjonskraft med 8 – 9 mill., totalt 18 – 20 mill. i åra 2022 og 2023

Sekretær informerte om følgjande:

- Plan for turruter er no ferdig. Det er ein temaplan med prioritering av skilting og merking av turruter på barmark i Ulvik. Det er ikkje krav til formell høyring, men vi har likevel bede om innspel om nokon ønskjer. Den er difor lagt ut på heradet sine nettsider med tilbakemeldingsfrist innan to veker.
- Fjord Tours, som sel turar basert på kollektivtilbod, vil lansere ein ny rundtur i Hardanger til våren. Dei har frå før stor suksess med «Norway in a nutshell», med Flåmsbana og Nærøyfjorden. Turen i Hardanger skal skilje seg tydeleg frå den i Sogn, men ha ein klar fjordprofil med det beste frå vår region. Dette vil vere svært viktig for Ulvik, då det tilfører ei ny type turistar og auka trafikk utan eigen bil.

#### **8. Open post**

Det kom eit ønskje om diktskilt i barnehagen, tilsvarende diktløypa langs fjorden. Det kan til dømes vere med ABC frå Olav H Hauge. Haugesenteret tar det med seg i vidare planlegging.

**Neste møte blir 5. april kl 19. Det er sendt ut kalenderinnkalling.**

Referent:

Mona H Hellesnes  
Sekretær Cittaslowrådet